

Endra laboratorierutinar for oppfølging av stikkuhell

Publisert: 26.11.2019

Sist oppdatert: 26.11.2019

Rekvirenten må sjølv sjå til at evt. kontrollprøvar blir tatt

Frå september 2019 har mikrobiologisk avdeling endra sine rutinar for handtering av prøvar i samband med stikkuhell på sprøyter og liknande.

Tidlegare sende avdelinga ut påminning om kontrollprøvar til rekvirentane, dette er ikkje lenger tilfelle.

Rekvirenten må sjølv passe på å ta kontrollprøvar der det er grunn til det. (I Helse Førde er det bedriftshelsetenesta som tek seg av dette.) Det er som hovudregel ikkje lenger nødvendig å ta kontrollprøve der kjeldepersonen er negativ for HBV, HCV og HIV.

Vi oppmodar rekvirentane om å følgje Folkehelseinstituttet sine retningslinjer for prøvetaking og oppfølging av kjeldeperson og eksponerte: Stikkuhell på sprøyter og andre blodeksponeringer - veileder for helsepersonell (<https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/temakapitler/17.-stikkuhell-pa-sproyter-posteksp/>).

Våre rutinar er nærare omtala i vår brukarhandbok (<https://labanalyse.helse-forde.no/analyse/1408>).

Ansvarlig avdeling:

Mikrobiologisk avdeling, Helse Førde

Kontaktinformasjon:

Reidar Hjetland

Avd.sjef mikrobiologisk avdeling

reidar.hjetland@helse-forde.no

Tlf 57 82 93 49

Ansvarleg redaktør: Avdelingssjef Robin-Andre Sørland

Sist revidert 16.01.18

[Personvern \(/#!/personvern\)](#) og [Informasjonskapslar \(/#!/informasjonskapslar\)](#)

Løsningen er utviklet av Helse Bergen i samarbeid med Helse Vest IKT AS (<http://www.helse-vest-ikt.no/>).

Grafisk design: Kasset (http://kasset.no/).